



Kåre Landsvik
Landsvik 38
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1954 - 17/18782

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
25.09.2017

Godkjenning av søknad om fritak for gjødselplan GBNR 51/10 Landsvik

Administrativt vedtak. Saknr: 257/2017

Saksutgreiing:

Kåre Landsvik søkte 14.08.17 om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Han har tidlegare hatt fritak for krav om plan, men fristen var no gått ut. Drifta er 15 vinterfora sauer og driftsformen er utegangardrift med tilleggsforing om vinteren. Dei 3-4 skuffene med husdyrgjødsla som vert samla opp vert spreidd på innmark om våren. Søkjar kjøper inn 1000 kg med 18-3-15 som vert spreidd på alt jordbruksarealet

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåttearealet					Kg Nitro	Kg Fosfo	Kg Kaliu
Kg	Gjødselslag	Totalt areal		Kg pr. daa			
1000	18-3-15	29	åttemark/bei	34	6	1,5	4,4
Sum					6	1,5	4,4

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for nitrogen og kalium og har 50 % av norm når det gjeldt fosfor. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (2,1 før frådrag for beitetid) og har stort nok areal i høve til

dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

Sidan søkjar ligg akkurat på grensa i høve til fosforgjødsel vil kommunen rå til at det vert nytta eit fullgjødselslag med lågare fosforinnhald enten 22-2-12 eller 25-2-6. Dei fleste sauebruk har høge fosforverdiar i jorda fordi sauegjødsel inneheldt mykje fosfor. Fosfor er ein minkande ressurs i verda og i tillegg er det uheldig at fosfor vert vaska ut i bekkar og vassdrag fordi det bidreg til dårleg vasskvalitet.

Erfaring syner at det vanlegvis ikkje gjev lågare avling å nytta gjødselslag med lågare fosforinnhald. Desse gjødselslaga er i tillegg rimelegare i innkjøp. Det vil og vera fornuftig å dela gjødslinga på beite i to gjødslingar med om lag 15-20 kg/daa kvar gong. Ei vårgjødsling og ei sommargjødsling.

Vedtak

”Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 1.10.2022 for gnr. 51, bnr. 10, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad. Søkjar bør nytta eit gjødselslag med mindre fosforinnhald enten 22-2-12 eller 25-2-6

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kåre Landsvik

Landsvik 38

5917

ROSSLAND